

## Årsmelding for 2020

Vik Turlag



### Styret

Karen Weichert	- leiar
Hilde-Gunn Hellen	- nestleiar
Ranveig Turvoll	- styremedlem
Reidun Flatland	- styremedlem
Astrid Drægri	- styremedlem
Kirsten Asheim	- 1. vara
Ottar Wiik	- 2. vara

**Rekneskap:** Vik Rekneskap v/ Kjell Egil Hopperstad

**Revisor:** Arne Skeie, **vara:** Kårhild M. Rinde

**Valnemda:** Gyda Bøtun (leiar), Asbjørn Holstad & Ann Cecilie Rinde

**Leiar Barnas turlag:** Hilde Tenold

**DNT-UNG-gruppa (NY):** Sigrid Melheim(leiar), Eirik Langeland Tistel, Viljar Vikøren Vikestad & Jonas Tistel. Vaksenkontakt: Jens A. Melheim

**Onsdagsturgruppa:** Øydis K. Bøtun (leiar), Astrid Drægri, Aud Olin Sumstad, Reidun Flatland

**Hyttegruppa:** Nils Gunnar Finne (leiar), Kari Vold Olsen, Halvor Flatland

**Hyttestyret Målsethytta:** Hanne C. Finne (leiar), Nils Gunnar Finne, Vidar Fosse, Darek Hauderowicz

**Hyttestyret Jashaugbu:** Siv Settevik (leiar), Nils Georg Settevik og Gry Settevik Skogheim

**Hyttestyret Sylvarnes:** Karen Weichert (leiar), Harald Hanekam, Hanne Finne

**Sti- og merkegruppe:** Karen Weichert (leiar), Anne Marie Bøtun Øyri, Nils Gunnar Finne

### Korona

Det har vore eit svært spesielt år for alle, også for Vik Turlag. Då koronaviruset spreidde seg i vår, måtte laget mellombels stoppe all aktivitet, og hyttene måtte stengast på dagen. I ettertid måtte vi bruke mykje tid på å tilpasse oss den nye situasjonen. Og vi brukar framleis meir tid på enkelte område i dag, t.d. gjennom pålagt registrering av deltakarar på turar/aktivitetar og pålagt booking og ekstra tilsyn på hyttene. Dette har hatt både økonomiske og andre konsekvensar for Vik Turlag, spesielt fordi andre ting måtte prioriterast ned. Ein del undergrupper har difor ikkje hatt det aktivitetsnivået som var planlagt, og ein del prosjekt har ikkje hatt framgangen som var ynskjeleg. Styret hadde planlagt eit medlemsmøte i mars i høve berekraftåret, som ikkje kunne gjennomførast. Det same gjeld ein dugnadsfest som takk for innsatsen. Det skulle også utarbeidast ein beredskapsplan for turlaget, noko som det ikkje blei tid til. Håpet er at vi kan klare til å komme ajour igjen i 2021 på dei områda vi måtte prioritere ned.

Ein annan, kanskje litt overraskande effekt av situasjonen i sommar har vore ein stor auke i dugnadsinnsatsen, som var svært gledeleg! Vi kan kanskje ikkje underbygge dette med konkrete tal, men det kjennast i alle fall slik. Ei forklaring kan vere at det har vore relativt enkelt å gjennomføre dugnadar i friluft med relativt få deltakarar med tanke på smitteverreglane. Som positivt må også nemnast at Vik Turlag etter søknad fekk nesten 50.000 kr i koronakompensasjon (krisepakke 2 for frivilligheten)

for tapte inntekter på hyttene, noko som hjelpte litt til å avgrense det økonomiske underskotet.

### **Aktivitetar til styret**

Det blei halde totalt 8 styremøte. Møtet i mars blei halde på telefon/messenger pga korona. I tillegg hadde styret eit møte med valnemnda i november.

Vik Turlag sendte styreleiar til årsmøtet i Sogn og fjordane turlag (SFT) på Skei i byrjinga av 2020. Fellesmøtet skulle i haust vere i Vik, men blei avlyst pga. koronasituasjonen. Det skal arrangerast digitale temamøte i forkant av SFT sitt årsmøte i staden.

Styreleiar deltok på DNT-landsmøtet 24.10., som blei gjennomført digitalt.

### **Rekneskap**

Laget har hatt samla driftsinntekter på 284.192 kr og 385.817 kr i samla driftskostnadar. Resultatet er eit driftsunderskot på 101.626 kr. For detaljane blir det vist til rekneskapen for 2020. Som hovudgrunnar for underskotet kan det nemnast tapte overnattingsinntekter i samband med koronastenging av hyttene og rehabiliteringsarbeidet på Målsethytta. Her er alle rekningane betalte i 2020, mens ein god del av tilskotet knytt til prosjektet fyrst vil komme til utbetaling i 2021, t.d. spelemidlar.

**Turleiarssamling** kunne dessverre ikkje gjennomførast i år pga. koronasituasjonen.

**Sal av turkartet blei** som før administrert av Nils Gunnar og Karen. Dei leverer ut kart til verksemdene som sel kartet etter førespurnad og ordnar fakturagrunnlag for Vik Rekneskap. Det er per 30.10. 168 stk. turkart igjen på lageret. Vi bør tenke på fornying av kartet i 2021.

Vik Turlag hadde i år **ikkje stand** på arrangement i kommunen pga. at det ikkje var arrangement.

**Høyringar og uttale:** Besøksstrategi Stølsheimen landskapsvernområde i desember 2019

## **Undergrupper**

### **Barnas Turlag (BT)**

Det var dessverre berre Kom-deg-ut-dagen i vinter vi gjennomførte i 2020, før koronaen gjorde nedstengning aktuelt. Av smittevern hensyn har vi ikkje starta opp att med turar i 2020. Eit spesielt år på alle måtar. Turbotrimmen har gått som normalt.

*Hilde Tenold*

### **UNG-gruppa**

UNG-gruppa har i løpet av 2020 drive med klatring torsdag frå kl.20 – 22. Det blei også gjennomført eit idé-møte med interesserte ungdomar i Vik.

Sigrd Melheim og Eirik Tistel gjennomførte grunnleggjande Turleiar kurs i slutten av juni. Sigrd tok i tillegg sommarturleiar kurs i byrjinga av august. Dei er no klare for å leie turar. Planlagte ein hengekøyetur, den vart avlyst. Klatringa startar oppatt no 12.november.

*Sigrd Melheim*

## Onsdagsturgruppa

Deltakarar på turane til onsdagsturgruppa i år var 51 personar, derav 2 barn. Til liks med alt anna i samfunnet dette året vart det ikkje som før ang onsdagsturane heller. Ellers om åra så startar vi opp omkring 1. mai, men i år vart fyrste turen 3. juni. Vi i onsdagsturgruppa minna heile tida om smittevern hensyn, slik som ikkje meir enn 3 personar i kvar bil og ein meter avstand. Det var også i år ymse frammøte på nokre av turane. Den turen med flest deltakarar var Skjellinganosi 26.8. med 23 personar. Hanne var turleiar den dagen. Turen som kom på andre plass var Drægahovden 10. juni med 19 personar. Astrid Tveit var turleiar. Ein tur vart avlyst denne sesongen (i tillegg til dei i mai) og det var til Fossesete 5. august. Den dagen var det eit ofseleg regnver og ingen møtte på kaikanten den ettermiddagen.

*Onsdagsturgruppa*

## Hyttegruppa

Dei viktigaste sakene for hyttegruppa har vore:

- Oppfølging, rekneskap, søknader for utbyggingsprosjektet på Målsethytta. Andre søknader om tilskot. Kari har vore krumtapp.
- Møte med Vik kommune vedrørende framtida for skulehuset på Sylvarnes (Halvor, Harald, Nils Gunnar). Møtet konkluderte med å få til langtidsavtale med kommunen, slik at det gjer oss i stand til å søkja om midlar til vedlikehaldsarbeid. Det vert arbeidd vidare med dette.
- Nye betalingssatsar for overnatting på hyttene.

Overtaking av Telegrafhytta på Vikafjellet er lagt på is. Vanskeleg å få til avtale med grunneigarar.

*Nils Gunnar Finne*

## Sti- og merkegruppa

Sti- og merkegruppa hadde eit møte som var 20. juli i Fresvik. Vi laga ein plan for oppfrisking av merking på ein del turstiar. Det som blei gjennomført, av Hanne og Nils Gunnar, er ulike etappar på Vikafjellruta: Målsethytta-Hestevollen (medan det var flott overløp på Målsetvatnet), Målsethytta-Flatfjellet og Hestavollen-Kringlevatnet. Det viser seg at vi må byte ein del treskilt ut med meir stabile metallskilt. Vi hadde mål om å slutføre arbeidet med å fornye fadderordningane for turstiane som er skilta etter nasjonal standard, noko som vi dessverre ikkje klarte (mest pga. koronasituasjonen). Det manglar framleis avtalane for stiane i Feios, på Vangsnes og i Arnafjord.

*Karen Weichert*

## Medlemsutvikling

Medlemar per 14.10.2020

	<b>totalt</b>	
Familie Hoved	13	(+ 3)
Hovudmedlem	47	(- 4)
Ungdom/student	4	(- 2)
Honnør	21	(+ 1)
Barn	15	(- 4)
Skole	6	(- 4)
Husstand	17	(- 1)
Familie husstand	46	(+ 10)
<b>Sum</b>	<b>169</b>	<b>(- 1)</b>

Medlemstalet er nesten uendra samanlikna med 2019. Det er bra, og det tyder at medlemmane har vore positive til å støtte opp om turlaget, sjølv om tilbodet var redusert pga. korona. Det er ei auke i kategoriane knytt til familiemedlemskap, mens kategoriane for barn og ungdom har hatt ein nedgang. Kanskje fleire familiar har byta over til familiemedlemskap i staden for å vere registrerte som enkeltmedlemar?

## Turar og turpostar

**Turar og deltaking** (tal 2019 i parantes) 1.11.19-31.10.20

	<b>turar</b>	<b>deltaking</b>	<b>% av totaldeltaking</b>
Barnas Turlag*	1 (5)	50 (112)	14 (26)
Onsdagsturur	11 (15)	130 (185)	37 (44)
Kom-deg-ut-dagar	1 (2)	76 (63)	22 (15)
Opptur 8. klasse	1 (1)	33 (32)	9 (7)
Søndags- & helgeturar	3 (4)	64 (33)	18 (8)
<b>totalt gjennomført</b>	<b>17 (27)</b>	<b>353 (425)</b>	<b>100 %</b>
avlyste	17 (3)		

\* Barnas Turlag skal ev. ha ein tur i desember. Den blir med på 2021-statistikken.

Det må vere rekorden, med 17 avlyste turar. Hovudgrunnen var sjølv sagt koronasituasjonen og aktivitetsstopp, men også noko dårleg vær.

Vik Turlag har i år ikkje gjeve ut sin vanleg informasjonsfaldar pga at tida blei i koronatida prioritert anleis. Det blei laga plakat for berre onsdagsturane. Turane blei generelt annonserte på nettsida og facebook-sida og delvis med plakatar. Søndagsturane var med i Sogn og Fjordane turlag sitt turprogram som kom i alle postkassane.

Vi hadde ein **fellestur** med **Aurland Turlag** til Skomakarnipa som det var 40 deltakar på.

Vik turlag har takka ja til ein **turpostkasse på Valanipa** og har frå no av ansvar for oppfylging.

**Turbotrimmen – turpostar for barn**, hadde 7 postar fordelt over heile kommunen: (besøk i fjor står i parantes)

Huldafossen:	ikkje opptelt ennå
Le:	ikkje opptelt ennå
Dagsturhytta:	485 ny
Vetlevarden:	32 ny
Brandholten:	770 (395)
Hovsåsen:	449 (254)
Gunnarsetestien:	164 (278)

## DNT-sjekkut – digitale turpostar

I påska 2017 lanserte DNT ein ny App som handlar om digitale trimpostar som kan loggast t.d. ved hjelp av mobilen, med eller utan bilete eller kommentar.

I 2020 hadde Vik Turlag 3 lister på app'en: «Tre toppar frå Vik sentrum»

(Brandholten, Synshovden og Daurmålshaugen), Turbotrimmen og «Stølar i Vik

2020» (Gunnarsete, Mytingen, Seldalen, Skoddesete, Smørklepp, Ramnaberg, Negardsstølen, Legdene).

Statistikk trimpostlister i SjeckUt (i parantes tal frå 2019):

	<b>Deltakarar</b>	<b>Innsjekkingar</b>
Turbotrimmen BT Vik	145 (14)	164 (27)
Tre toppar frå Vik sentrum	19 (26)	20 (51)
Stølar i Vik	14 (12)	29 (26)
<b>sum</b>	<b>178 (65)</b>	<b>213 (126)</b>

Det er ei auke i bruken av dei digitale turpostane i Vik. Turbotrimmen til Barnas Turlag peikar seg ut. Den med avstand mest populære turposten her har vore dagsturhytta, med 136 innsjekkingar.

Det ligg eit stort potensiale i digitale turpostar, og det hadde vore ynskjeleg med nokon som kan bruke litt meir tid på dette og kan lage fleire og nye lister.

## **Hytter**

Prisar for overnattinga på hyttene til Vik turlag har vore uendra i 2019. Ein kan betale med Vipps og det er mange som brukar det.

På styremøtet i mars vedtok styret å inntil vidare stenge alle hyttene sine pga. koronasituasjonen. Utover våren sommaren gjorde dei generelle reglane og føringar frå DNT sentralt det mogleg igjen å opne hyttene. Men vi var plikta til å henge opp mykje informasjon om smittevern og nye rutinar på hyttene. Hyttene måtte også tømmast for ein del gjenstandar, og dei måtte utstyrast med nytt utstyr for reingjering. Vi må også med jamne mellomrom kontrollere hyttene. Hyttene kan sidan våren 2020 berre drivast med førehandstinging av overnattingar. Vik turlag har valt å inntil vidare organisere bookinga via e-post og bestillingslister, noko som krev ein del ekstraarbeid av hyttestyra.

## **Målsethytta**

Av hyttene våre, er Målsethytta hardast ramma av koronasituasjonen. Hytta, inklusiv Vetlehytta, vart stengde før sesongen kom i gang. Vetlehytta opna att den 12. juni, men med restriksjonar. På grunn av bygningsarbeidet opna ikkje hovudhytta att før 4. september.

Besøkstalet er derfor sterkt redusert frå tidlegare år. Spesielt merkast det at det ikkje var besøk i påsken. Her gjekk ein glipp av om lag 300 overnattingsdøgn. – Oppteljinga fram til 1. november viser 100 overnattingsdøgn i Målsethytta, og 51 i Vetlehytta.

Oppgraderingsarbeidet av hovudhytta utvendig vart (nesten) fullført i sommar. Den siste vegg, vestveggen, vart isolert og skifta kledning. Samtidig vart det laga nytt inngangsparti, med to nye boder. Ein vedbod, og ein for anna lagring. Firmaet Vik Byggservice AS var leigd inn for å gjera arbeidet. Det er søkt om Spelemidler til det samla tiltaket, som har vart i tre år, og vi reknar med utbetaling til neste år. Til neste år står det att; litt reparasjon på grunnmur og tredje strøk måling utvendig.

Innvendig har hytta vore «trist», med mørk, gulbrun panel/tømmer over alt. Når no taket og vegger er tette, gjev det moglegheit for oppussing også inne. Dei to verste soveromma i andre høgda, med sterke spor etter lekkasje, vart pussa opp på forsommaren. Det vart ei utruleg forbetring.

Opprydding, vasking, måling osv. er gjort på dugnad. I samband med renoveringsarbeidet er det registrert ca. 215 dugnadstimar. I tillegg kjem adminstrasjon, ettersyn, m.m. Informasjon og nettside kan framleis forbeistrast/fornyast! Heile sikringsbua har også fått eit strøk maling.

Totalt kom arbeidet på 953.018,- inkl. mva., fordelt på 268.464,- i 2018, 390.372,- i 2019 og 294.172,- i 2020. Foreløpig er dette betalt frå laget sin konto, men me får/har fått støtte frå Spelemidlar, Olav Thon DNT-stiftelse, DNT Hyttefond, Vik Sparebank og Sture Husabø Legat. Vidare renovering innvendig bør gjerast. Dette er m.a. utskifting av panel på nokre rom og maling av tak og vegger i nokre av romma. Pipa innvendig bør også få ein ny omgang med puss.

Andre ting som er utført:

- Vaska ned alle soveromma etter omlegging av taket.
- Generelt reinhald og rydding.
- Byta og vaska sengetøy til ca. 32 senger (vasking utført som leigarbeid på ASVO).
- Ein del paneling på rom i andre høgda
- Laga til, og køyrt opp, 52 sekker ved.
- Sett opp, og teke ned gjerde (beitedyr).

*Hanne og Nils Gunnar Finne*

### **Jashaugbu**

Besøkstall frå januar 2020 til 20. august er på 64 overnattingar. Korona restriksjonar, hytta må bestilles på førehand, ein kohort pr overnatting. Dette held fram til situasjonen roar seg.

I haust er det laga ein ny utedo, det vart veldig bra! Utedoen er dobbel, ein i bruk av gangen, treng ikkje tømmerast.

*Siv Settevik*

### **Sylvarnes**

Vik Turlag har avtale med Vik kommune om drift av Skulehuset på Sylvarnes. Avtalen varer ut neste år, men hyttegruppa og hyttestyret har tankar om ein langsiktig avtale, bl.a. for å kunna søkja midlar til utbetring/oppussing av huset.

I sommar/haust har vi rive den gamle utedoen, og sett opp ny. Med tanke på å kunna kutta ut det «ulovlege» utsleppet av kloakk i elva. I tillegg har vi pussa opp eitt av soveromma i andre høgda. Vi reiv ned den gamle juten som var på veggene og vaska dei ned. Så vart dei malt. Gjenstår å skrape og male taket og male golvet. Det er godt samarbeid med dei fastbuande på Sylvarnes. Drifta av skulehuset er eit positivt tiltak for Vik Turlag.

Sylvarnes var den fyrste av Vik turlag sine hytter som opna att etter koronastenginga. Den var open frå 29. mai. Besøket har i sommar vore ganske bra. Besøkstalet for sesongen 2020 blei 91 overnattingar. Sylvarnes har sidan koronastenginga vore stengt for dagsbesøk pga. at kontrollane som hyttestyret må gjennomføre er styrt av

tal gjestar mellom kontrollane. Ei utfordring, når ein berre kan reise att og fram til Sylvarnes på fredagar.

*Hanne Finne og Karen Weichert*

## Prosjekt/Ymse

### **Innkjøp av ungdomstruger**

I starten av 2020 hadde Vik Turlag ubrukte Frifondmidlar til disposisjon og kjøpte då inn 6 par truger til ungdom. Ungdom som vil låne har fortrinn, men også vaksne kan låne trugene.

### **Kanoen i fjorden**

Av dei 2 kanoane turlaget har liggjande på «naustet» under butikkverandaen blei eit øydelagd etter hærverk, slik at det no er berre ein igjen. Den øydelagde naustdøra blei reparert og låst med DNT-lås igjen. Utlånsreglane blei endra. No må ein vere medlem for å låne.

### **„På tur til Gunnarsete”**

Prosjektet starta i 2016 og har halde fram sidan. Dessverre klarte vi heller ikkje å avslutte prosjektet i 2020, denne gongen m.a. pga. at tiltak knytt til koronasituasjonen tok all tida til prosjektleiar. I tillegg måtte vi omdisponere frifondmidlane som var tenkt til prosjektet, til årets OPPTUR. Takk til Torstein Kongslien som igjen rydda den gamle slåttemarka som byrja å bli bra. Vi satsar på at tiltaka på området blir gjennomført før sommaren 2021, og at prosjektet blir avslutta med ei markering og med ein fest for alle som har stilt på dugnad.

### **Lagerplass**


Det blei den 13.3. inngått ein skriftleg avtale med KM-eigedom om leige av lagerplass i kjellaren under Café Øyri. Turlaget betalar 3000 kr per år og har fått ein nøkkel til kjellaren, som er deponert i eit nøkkelskap med kodelås ved inngangen. Avtalen kan forlengast etter avtale.

### **Sponsor**

Vik Turlag fekk i 2020 tilbod om fast sponsor, noko som styret sa ja til. No er laget sponsa av Vik IT-partnar, som har fått logoen på nettsida til Vik turlag. Vik turlag kan no skrive ut gratis plakatar og andre dokument hjå Vik ITP.

Tusen takk til alle som har bidrege til aktiviteten og spesielt alle dugnadane i år!

Vik, 16.11.2020



Karen Weichert - leiar -